

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



FRÅ BÆRUM > 10-11

– Til og med artikkelen vår om Ivar Aasen er på bokmål, seier **Erik Bolstad**, som er ny sjefredaktør i Store Norske Leksikon.



MODERNE KJÆRLEIK > 18-19

– Shakespeare har skrive om ei ung jente med bein i nasen, meiner **Kjersti Dalseide**, som gjer suksess som Julie.



NY UNGDOMSBOK > 6-7

...men Ragnar Hovland er ikkje sikker på kor mange unge som faktisk les ungdomsbøker.

«MITT PERSONLEGE PRONOMEN ER BERRÉ DÁVVET» > 12-15



Brann- fakkel

» Denne hausten har eg kjensla av at det brenn på Vestlandet. At nokon skulle finne på å føreslå ein Vestlandsregion utan nynorsk, var utenkjeleg for dei fleste av oss. Dei tre fylkeskommunane har så langt fått 32 ulike høyringssvar, der dei fleste dreier seg om språk. Og når Jon Fosse – det næraste me kjem ein nolevande nynorsk-gud – sender fråsegn til fylkeskommunen, då er det alvor.

» «...for oss i Rogaland er det unaturleg om nynorsk skal vere hovudspråket,» sa fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal til NRK. Ikkje rart at slagordet då vert at «Nynorsk er naturleg på Vestlandet», noko det heilt openbert er. Dessutan treng nynorsken ein heimstad, ei geografisk forankring. Akkurat kva som er nynorsk hovudstaden, er enno ikkje avklart, men ingen er i tvil om at han ligg på Vestlandet. (Og at det ikkje er Stavanger!)

» Og midt oppi dette har Tore Renberg vorte ein uforvarande målhelt, fordi han tilfeldigvis lanserte debutta si på nynorsk oppi det heile. Det spørst om målrørsla nokon gong vil gje slepp på Renberg.

» Kva som er «naturleg», er òg eit vanleg argument mot eit tredje pronomen, «hen». Ordet er praktisk og inkluderande, men me er nok ikkje heilt modne for ei slik språkleg nyvinning heilt enno. Men er det ein ting som er meir unaturleg enn ikkje å sikre nynorsken i vest, så er det at språket står stille. Og at det ikkje vert bråk, når nokon bollar med hjartespåret vårt.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Andrea Rygg Nøttveit,
andrea@framtida.no,
tlf. 481 40 342

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Slaget om Vestlands- regionen

STYRET I NOREGS MÅLLAG, dei tilsette på skrivarstova og ikkje minst medlemmene land og strand rundt utgjer ein god lytte- og peilestasjon for det som skjer på språkfronten i Noreg. Vi har også ei eiga presselesingsteneste som gjer at vi snappar opp nyheiter rimeleg fort. Kvar dag strøymet det inn små gleder og utfordringar som vi prøver å handtere så snøgt vi kan.

Enkelte dagar er det likevel slik at alarmen går. Det er når vi får melding om utviklingstrekk som verkeleg kan endre stoda for nynorsken. Ein slik dag var torsdag 15. september. Ved lunsjtider melde NRK Sogn og Fjordane at dei tre fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane var i ferd med å signere ei avtale om å slå fylka saman til ein ny «region», den såkalla Vestlandsregionen. Dramatikken kom i det siste avsnittet i NRK-meldinga: «I intensjonsavtalen er det eit punkt som understrekkjer nynorsken sin sterke posisjon på Vestlandet, men Rogaland motsette seg at målforma skulle vere hovudmål i det nye fylket. – Nynorsk er viktig på Vestlandet, men for oss i Rogaland er det unaturleg om nynorsk skal vere hovudspråket, sa fylkesordførar i Rogaland Solveig Ege Tengesdal, som ser ut til å fått vilja si.»

NOREGS MÅLLAG REAGERTE SKARPT på denne utsegna – såpass skarpt at NRK inviterte meg til radioduell med Tengesdal dagen etter. Seinare har fylkesordføraren innrømt at det ho sa til NRK, ikkje var verdas klokaste formulering, men likevel ligg spørsmåla framleis opne: Vil politikarane i Rogaland bli med på ein vestlandsregion som krev nynorsk i kommunikasjon frå staten og som blir styrt på nynorsk? Vil Hordaland og Sogn og Fjordane, som er nynorskfylke i dag, stå hardt på nynorskkravet sjølv om det kan føre til at den store regionavtalen ryk?

Her blir det snakk om press og mot-press, og




MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

eg er glad for å konstatere at medlemsengasjementet er stort. Folk skriv til aviser og politikarar over heile «regionen». I Stavanger opplevde eg sjølv engasjementet på gata 29. september, da 50 menneske trassa regn og liten storm for å gjere ei markering under banneret «Nynorsk er naturleg i Rogaland.» Noregs Mållag har også fått over 150 nye medlemmer på fire veker sidan regionvedtaket kom.

NYNORSK KULTURSENTRUM med råd, styre og direktør har engasjert seg med full tyngd i denne saka og har både utarbeidd «Språkfakta om Vestlandsregionen» og eit komplett framlegg til «Språkreglar for Vestlandsregionen». Begge dokumenta ligg på Aasentunet.no. Språkreglane for dei tilsette er lette å forstå, og dei språklege rettane til innbyggjarane blir tatt vare på – også rettane til dei mange bokmålsbrukarane på Vestlandet. Det blir slått fast at statleg kommunikasjon med denne regionen må vere på nynorsk, og at nynorsk må vere administrasjonsspråket. Dessutan må forvaltninga bruke klart og godt språk.

VESTLANDET HAR LANGE nynorsktradisjonar. Berre tre av 85 kommunar har kravd bokmål i skriv frå staten. Om eit nytt storfylke ikkje skal ha nynorsk, vil det svekke statusen til nynorsk i regionen. Utan nynorskvedtak får hundretusenvis av nynorskbrukarar eit dårlegare vern om språket



Illustrasjon: Kjartan Helleve,
etter ein original frå Wikipedia Commons

enn dei har i dag. Nasjonalt representerer nynorsken eit språkleg mindretal. Dei som skriv bokmål, ser språket sitt rundt seg heile tida, medan dei som skriv nynorsk ofte må leite for i det heile å finne språket sitt i media, i bøker og på internett. Den store produksjonen av nynorsk tekst i fylkeskommunane inn i havet av bokmålstekst er eit viktig bidrag for å gjere nynorsken synleg.

NØYTRALITET MÅ IKKJE FORVEKSLAST med jamsteling. Utan språklege retningslinjer vinn det største språket. Det er røynsle frå både kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemdar. Språkval kan aldri vere nøytrale, ein må anten velje det eine eller det andre. Vestlandet må velje nynorsk.

Staten, kommunen og fylkeskommunen har eit språkpolitisk ansvar for språka våre. Offisiell norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i offentleg målbruk.

Kva kan du gjere?

SKRIVARSTOVA HAR PÅ KORT TID utarbeidd ein brosjyre som heiter Vestlandet + nynorsk = sant. Denne brosjyren samlar dei viktigaste argumenta for ein nynorsk vestlandsregion. Når dette nummeret av Norsk Tidend går ut, er det framleis tid til at lag og privatpersonar sender høyringssvar i denne saka. Rogaland har frist 25. november, Hordaland 30. november og Sogn og Fjordane 23. november. Noregs Mållag ønsker at fleire hundre lag, institusjonar og enkeltpersonar engasjerer seg i dette. På nettsida www.nm.no finn

du konkrete opplysningar om korleis du kan skrive innlegg, høyringsfråsegner eller sende e-post til politikarar du

kjenner eller ikkje kjenner.

Det er slett ikkje sikkert at det blir ein ny vestlandsregion. Om det skjer, må regionen vedta nynorsk administrasjonsspråk og at regionen vil ha nynorsk i brev frå staten. Eg oppmodar alle medlemmer til å gjere ein konkret innsats slik at vi vinn dette slaget. Skriv e-postar med høyringsutsegner, og send lesarbrev. Hugs: det er heilt i orden om du berre gjer det som privatperson. Det blir ein dramatisk haust, og nynorsken treng DIN innsats.

“ Om eit nytt storfylke ikkje skal ha nynorsk, vil det svekkje statusen til nynorsk i regionen

» SAGT

Eg er i tenkeboksen på kva eg skal meine om Johaug. Skriv ho på bokmål eller nynorsk?

Morten Myksvoll på Twitter

Statsråd Jan Tore Sanner seier han ikkje har tenkt å blande seg inn i debatten om målforma i ein ny vestlandsregion. Ord som «stor» og «robust» kan nemleg nyttast på begge målformer.

Firda om målform i Vestlandsregionen

Tenk om etterpåklokskapens lys var å få kjøpa i butikken.

Redaktør i Suldalsposten, Esther Moe, på Twitter

Make America Graut Again

Peder Lofnes Hauge, styremedlem i Noregs Mållag har svart!

Snart kjem mitt lesarinnlegg i Norsk Tidend om det diskriminerande totale fråveret av nynorsk i Mannegruppa Ottar.

Kari Fosse på Twitter

Den gode Sverre Brandt, ein gong økonomisjef på Nationaltheatret, skreiv aldri meir enn eitt skodespel for profesjonelt teater. Likevel er han nok Noregs mest suksessrike dramatikar, ser ein på talet på oppsetjingar i høve til talet på stykke. Relativt sett kan såleis Henrik Ibsen og Jon Fosse berre gå heim og leggje seg.

Dag og Tid sin melder om den spreke 92-åringen «Reisen til julestjernen»

I går fekk kona mi seks SMS-ar frå meg. Fire av dei var på nynorsk, to var på bokmål, og i retur fekk eg følgjande spørsmål frå kona mi: «Kven er du eigentleg?»

Tore Renberg til Stavanger Aftenblad

Eg vart veldig sliten av å vere i Oslo så lenge

MGPjr vinnar Vilde Hjellev til Vestlandrevyen

Du har flytta vekk frå bygda, trass i Mammas såre bøn Skal du unngå å bli trygda, må du skaffe deg ei løn

Jens Kihl si omskriving av MGPjr-vinnaren «Vestlandet»

Filmen: FREEZE MOTHERFUCKERS!! NRK Tekster: Ikkje røyr dykk gitar

Anonym jodel

«Taco, kondom og sosiale medium lokkar nye nynorskforkjemparar.»

Hurra for Firda Målungdom



DIALEKTMINNE: Journalist Anne-Lene Frølandshagen har gode minne frå arbeidet med dialektavisa.



NØKKELKORT: – Magne burde snart få nøkkelkort, spøker redaktør i Fredrikstad Blad, René Svendsen (i front). Mållagsleiari Magne Aasbrenn hjelper gjerne med nynorsk-korrektur.



PREKÆR: Lektor Benthe Kolberg Jansson (t.h.) og Wenche Mortensen pratar breiare dialekt etter at Fredrikstad Blad gav ut dialektavisa i 2013.
Alle foto: Andrea Rygg Nøttveit

Frå dialektavisa til ny

Slik ser det ut i redaksjonen når **Fredrikstad Blad** vert invadert av korrektur ekspertise frå Noregs Mållag.

– Då er framsida klar! ropar Gro Morken Endresen, dagleg leiari i Noregs Mållag.

Det er måndag kveld, og sju representantar for Noregs Mållag har rykt inn i redaksjonen til Fredrikstad Blad for å omsetje heile avisa til nynorsk.

Nynorskversjonen av dagens avis ligg no ope tilgjengeleg for alle over

heile landet som PDF-avis. Det heile er eit stunt i samband med den nynorske litteraturfestivalen «Hællæ nynorsk!», som gjekk av stabelen i Fredrikstad litteraturhus 25.–27. oktober

– Målet er å skrive ein nynorsk som ikkje skremmer østfoldingane, slik at dei ser at det ikkje er så annleis enn me snakkar, seier Magne Aasbrenn, leiari i Noregs Mållag.

For mållagsleiaren er det ein aldri så liten siger at lokalavisa, som fram til 1998 ikkje var open for lesarinnlegg på nynorsk, no omset heile avisa til målet.

MINUTTAR ETTER ... «Kva gjer ein Ad operations manager eigentleg?» Går det an med minuttar? (Nei!) «Det er ei salme, ikkje sant?

“ – På Vestlandet er dei stol-tare av dialektene, medan me har skamma oss over språket vårt, fordi me har vore industrifolk.

For det heiter ikkje ein salme?» Og kva med betrodde. Kan det bli betrodde, eller tiltrudde. Her må ord-boka opp.

Redaktør René Svendsen er glad for språkeksptisen som har rykt inn i lokala.

– Eg hugsar tilbake til arbeidet med dialektavisa i 2013. Erfaringa då var at språket vert meir munnleg og laussleppt. Det vart betre flyt. Det tykkjer eg er tilfellet no òg, seier han.

Frontredigerarane André Lia og Anne-Lene Frølandshagen er begge frå Fredrikstad og var med og laga dialektavisa som i 2013 vakte åt-gaum over heile landet.

– Det vart ei veke der alle preka rimeleg breitt, smilar Lia, som medgjev at han til vanleg pratar ganske utvatna dialekt.



ANNE SVANAUG STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

Allmenn- kringkastar utan språkkrav!

I 2015 VART mediemangfaldsutvalet sett ned, med formål om å finne ut kva mål staten skal ha for mediemangfald, og korleis statens økonomiske verkemiddel best kan nyttast for å stimulere til eit framleis mediemangfald i Noreg.

NO I OKTOBER har dei kome med ei delinnstilling om korleis landet i framtida kan finansiere ein kommersiell allmennkringkastar. Dei går inn for at staten skal bidra med finansiering. Om det er rett eller gale, skal eg ikkje gå inn på her, men det eg vil poengtere, er at dei ikkje har nemnt noko om ein slik allmennkringkastar skal nytte nynorsk.

GJENNOM NESTEN 25 ÅR har TV 2 vore ein slik kommersiell allmennkringkastar. Dei er i dag inne i den tredje avtala si, som har vorte forlenga, og varar ut året. I dei siste to avtalene har det vore nedfelt eit lite, men viktig krav. Kravet seier at dei skal nytte både dei offisielle målformene i Noreg i hovudkanalen deira.

TV 2 HAR ALDRI fått kritikk frå Medietilsynet for ikkje å oppfylle kravet. Nettopp av di dei alltid har nådd dette målet. Med veteranane Morten Sandøy og Arill Riise på laget, har dei ikkje trunge å uroe seg for dette vesle, men viktige kravet. Og fleire flinke nynorsk-journalistar har kome til. Dessutan har kanalen hatt god tradisjon for eit dialektmangfald, – om ikkje betre enn NRK, so i alle fall på linje med dei. Som Medietilsynet rapporterte i allmennkringkastingsrapporten for 2015 so vert «Medarbeidarane oppmuntra til å bruke sine eigne dialektar på skjermen» i TV 2.

EIN ALLMENNKRINGKASTAR, kommersiell eller ikkje, bør ha eit krav om å nytte både dei offisielle norske språka me har her i landet. Ein må kunne vente av slike allmennkringkastarar at dei er kompetente til å levere produkt på både nynorsk og bokmål.

DERSOM STATEN NO går inn for å bidra med finansiering av ein kommersiell allmennkringkastar, uansett kven det måtte bli, vil eg trekke fram to grunnar til at det må stillast krav om bruk av nynorsk.

Dersom staten på vegner av det norske folk skal finansiere ein kommersiell allmennkringkastar, må kringkastaren få fram språkmangfaldet i Noreg. Dei staten kjøper tenester av, må halde seg til offisiell norsk språkpolitikk.

DERSOM DET VERT SNAKK om store summar frå staten, bør kulturministeren Linda Hofstad Helleland ikkje stille noko lågare krav til ein framtidig kommersiell allmennkringkastar enn til NRK. Minst 25 prosent nynorsk, – og helst meir!

norsk på nett

– Mi erfaring er at folk på Vestlandet er flinkare til å halde på dialekta si.

Han hugsar tilbake på suksessen med dialektavisa og er difor spent på korleis nynorskavisa vert motteken.

– Folk er jo veldig glad i dialekta si, men eg trur det er mange som ikkje ser koplinga mellom dialekta og nynorsk, meiner han.

DIALEKTSTANDARDEN

Til dialektavisa var det Anne-Lene Frølandshagen som fekk oppgåva med å intervjuar Magne Aasbrenn – på dialekt. Då vart det mange raude strekar.

– Det er mange som trur dei kan skrive på dialekt, men eg overdreiv veldig. Magne har på

ein måte bestemt standarden, smiler ho.

Når østfoldingar flyttar til storbyen, vert gjerne dialekta utvatna, men Frølandshagen er ikkje i tvil om at fredrikstad-dialekta fekk eit oppsving med dialektavisa.

– På Vestlandet er dei stoltare av dialektene, medan me har skamma oss over språket vårt, fordi me har vore industrifolk.

MEIR PREKING

Wenche Mortensen i Fredrikstad Mållag gjev dialektavisa æra for ei oppvakning av fredrikstadbuane sin språklege identitet.

– Han har vorte håna for kor stygt det er, så det var godt å få prekæ meir enn før, seier Mortensen.

Ho er ikkje tvil om at dei språklege vågestykka frå Fredrikstad Blad er viktige og har gjort sitt for å gjere befolkninga meir stolte over språket.

Lektor Benthe Kolberg Jansson håpar at nynorskavisa kan gjere nynorsk litt meir normalt i Østfold, men reknar med at det vil dukka opp nokre netttroll i prosessen.

– Kanskje kan det bidra til å bryte ned nokre barrierar og røske i nokre språklege fordommar, seier ho.

– Trur de at Fredrikstad kan verte nynorsk hovudstaden på Austlandet?

– Eg veit ikkje kor mange andre kandidatar det er, ler Kolberg Jansson.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

I Om noko skulle skje har **Ragnar Hovland** latt seg inspirera av Orfeus og Evrydike, men forfatteren meiner unge må finna fram til klas-sikarane på eiga hand.



REINER I UNDERVERDA: Forfattar Ragnar Hovland ville ikkje laga ei lærebok i greske mytar, sjølv om han har latt seg og Evrydike i Om noko skulle skje. Foto: Framtida.no

– Ungdomsbøker er ein nokså meir

– Ein kan ikkje alltid forklara kor ideane kjem ifrå, eller kvifor dei kjem. Kvifor akkurat det og ikkje noko anna, men eg hadde lyst til å laga ei kjærleikshistorie og på eitt eller anna tidspunkt kom Orfeus og Evrydike til meg, seier Ragnar Hovland. Under lanseringa av den nye ungdomsromanen sin medgav han å ha «stole skamlaust».

I Om noko skulle skje har han latt seg inspirera av ei av dei grunnleggjande historiene i verda. Myten om lyrespelaren Orfeus som reiser ned til dødsriket for å henta heim sin Evrydike, har inspirert mang ein kunstnar før han.

– Eg ville forholde meg ganske fritt til han. Det er ikkje noka lærebok. Det var ein meldar som meinte eg burde laga meir ei introduksjonsbok til greske mytar for

ungdom, men det var absolutt ikkje tanken, seier Hovland, og legg til: – Men eg er jo litt grei og har med originalhistoria i litt omskriven versjon.

ORFEO OG ELVIRA I Hovland sitt univers får nemleg unge Reiner høyra historia om Orfeo, som reiste til underverda for å henta Elvira. Det har med andre ord blitt gjort før i historia, og Reiner får veta at dette ikkje gjekk heilt etter planen, utan at heile myten vert avslørt.

Det stoppar ikkje Reiner frå å ta med seg eit munnspel og prøva å henta opp si Ingrid. Han får god hjelp av Kapteinen og Gule Hund – som fort får lesaren til å tenkja på to figurar frå belgiske George Remi sine Tintin-forteljingar.

Vegen til underverda er eit kleskåp, som manglar både løve og

heks. I sekken har heltane våre salta kjøt, skipskjeks og brennevin på ei lommelerke. I underverda treng ein nemleg titt og ofte ein oppstivar, for ikkje å svima av. Undervegs mimrar Reiner attende til tida og samtalane han hadde med Ingrid, før ho vart sjuk og døydde.

Etter å ha teke ferja over elva, som me òg kjenner frå mytane, får dei hjelp av detektiven Harry Nilfisk og assistenten Moleskine. Menneska dei møter, har gløymt mykje av livet før, og det er slett ikkje slik at alle som døyr, kjem til den same verda, så er Ingrid der i det heile?

FERJEKVINNA OG HUNDEN FRÅ BASKERVILLE

– Ramma er Orfeus og Evrydike, men korleis det såg ut i underverda eller dødsriket, ville eg stå fritt til å bestemma sjølv. Men det var freistande å ha med elva, og når ein skulle ha ei ferje, så kunne ho likna på ei vestlandsferje med respatex-bord, smiler Hovland.

Ferjemannen Caronte har blitt til den mystiske kvinnelege kapteinen Karen. Og hunden Kerberos har ikkje noko namn, men er eit stort og fryktinngytande beist, som travar over heile underverda og

vert samanlikna med hunden frå Baskerville.

For dei som ikkje tek referansen, er det ei historie frå universet til sir Arthur Conan Doyle sin klassiske detektivhelt, Sherlock Holmes. Denne hunden har Hovland støtt på fleire gonger, både i barnediktsamlinga Katten til Ivar Aasen møter hunden frå Baskerville (2007) og då han nokre år seinare omsette Hunden frå Baskerville til nynorsk.

ENGELSK WONDERLAND

– Det verste eg kunne gjera, var å prøva å skriva realistisk. Realismen, den gjeld ikkje meg, konkluderer 64-åringen.

Underverda i Om noko skulle skje er eit slags «wonderland» – med ein merkeleg logikk inspirert av verda som Lewis Carroll for over 150 år sidan kasta Alice inn i. Hovland møtte først historia i norsk drakt då han var liten, men det var først då han sjølv las boka i 20-åra, at ho fall i smak.

Alice in Wonderland har forfattaren referert tidlegare, til liks med Huckleberry Finn av Mark Twain og Store forventningar av Charles Dickens. Ei anna bok han stadig kjem attende til, er Stuart Mus, eller Stuart Little.

– Er du redd for å skriva over ho-

“Eg gjer som Olav H. Hauge og siktar litt over.

Ragnar Hovland



inspirera av Orfeus

ningslaus sjanger

vudet på lesarane med alle desse referansane?

– Nei. Eg vil gjerne utfordra dei litt. Det verste eg kunne gjera, var å sikta for lågt, så eg gjer som Olav H. Hauge og siktar litt over, smilar Hovland, som er litt skeptisk til heile sjangeren ungdomsbøker.

– MEININGSLAUS SJANGER

– Eg veit ikkje kor mange unge som les ungdomsbøker i det heile. Det er jo den alderen då ein les lite. Jenter les gjerne meir enn gutar, og dei som les, les gjerne vaksenbøker. Om ein tenkjer litt kynisk, så er det ein nokså meiningslaus sjanger.

Forfattaren meiner det er viktig at klassikarane ikkje vert noko som ein vert tvinga til å lesa, men heller noko som lesaren finn vegen til på eiga hand.

– Så kva er det som gjer ein klassikar til ein klassikar og aktuell den dag i dag?

– Det har eg prøvd å seia noko om tidlegare. Det er ikkje heilt enkelt. Men det er ei bok som har levd ei stund og som blir lesen den dag i dag og som var mykje lesen i samtida si. Det må vel bety at det er nokre historier som er all-

menngyldige og som varer, sjølv om det føregår i ei heilt anna tid, svarar Hovland, og legg til:

– Så har det med språket å gjera. At det er godt skrive. Gode setningar, seier forfattaren, som mellom anna har fått bryna seg på å omsetja Roald Dahl til nynorsk.

STUART LITTLE-FILMEN

– Er det fare for å slita ut originalverka når dei vert brukte om att og om att i nye samanhengar?

– Eg vil ikkje seia det. Det er større sjanse for at dei blir øydelagde av dårlege filmatiseringar. Eg synest ikkje Stuart Little-filmene er spesielt bra i forhold til boka. Det er jo meir actionfilmar, og boka er absolutt ikkje noka typisk actionbok.

– Om du skulle omsett nokre klassikarar til norsk, kva skulle det vore?

– Den før nemnde Stuart Mus er eigentleg ei ganske gammal omsetjing frå 1940-talet, så den kunne eg tenkt meg å omsetja på nytt til nynorsk. På den tida fornorska ein og forenkla ein del. Så ein går glipp av dei gode poenga i originalen.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

For få nye nynorskbøker for mellomtrinnet

VAKSNE VEL: Ikkje sidan 2007 har det vore ei nynorsk bok blant dei nominerte til ARKs barnebokpris. NBI og Foreningen !les meiner det er trong for fleire nynorskbøker.

Den første veka i desember vert det klart kva bok som får ARKs barnebokpris 2016. Prisen er ei leselystsatsing der juryen består av 10 000 5.–7.klassingar frå heile landet.

Dei fem bøkene som vert nominerte, er valde ut av ein vaksenjury, basert på innsende forslag frå forlagene sjølv.

For å finna ei nynorsk utgjeving blant topp fem må me heilt attende til 2007. Det året vart Happy av Linn T. Sunne nominert frå Samlaget. Same året vann romanen Brageprisen.

11 PROSENT NYNORSK

Direktør ved Norsk Barnebokinstitutt, Kristin Ørjasæter, er diverre ikkje overraska over at det ikkje har vore fleire nynorske bøker blant dei nominerte til ARKs barnebokpris dei tre siste åra.

Ho ser nominasjonane i kombinasjon med utgjevingane. I 2013 var berre 11 prosent av dei norske barnebøkene utgjevne på nynorsk, og så lite som 1,8 prosent av omsett barnelitteratur frå utlandet vart gjeven ut på nynorsk.

Ørjasæter meiner ein bør stimulera til fleire utgjevingar på nynorsk, og etterlyser særleg omsett litteratur på nynorsk.

– Dei som meiner at det unødige å undervisa i nynorsk skriftleg, seier at bokmålsborn kan lesa og forstå nynorsk. Men det finst jo nesten ingenting å lesa! Me treng eit fornuftig kvantum av god kvalitet og eit tilbod. Eg tenkjer at nynorsk barnelitteratur burde vera ei kjelde til lesing for bokmålsborn, som gjev kompetanse i nynorsk. Skal me ha to skriftspråk, så må me ha tilgang på lesestoff. Og nynorsktalande born må i alle fall få lesestoff på språket sitt, seier Ørjasæter.

Kategorisjef for barnebøker i ARK, Bjørn Fredrik Drangsholt, forklarar i ein e-post til Framtida. no at målformer ikkje har vore eit tema, på same måte som dei ikkje har føringar knytte til kjønn, debutantar eller erfarne forfattarar, illustrasjonar, forlag eller om det er skjønnlitteratur versus sakprosa.

«Vi har hittil ikke vurdert kvotering. Men vi er åpne for gode argumenter og vil alltid foran hver utvelgelsesprosess diskutere om vi kan og bør gjøre ting annerledes», skriv Drangsholt.

TID FOR NYNORSK Ole Ivar Burås i Foreningen !les jobbar med leseformidling til elevar frå mellomtrinnet og opp til vidaregåande skule. Foreningen !les har reine lesesatsingar som antologiane tXt og sakprosamagasinet Faktafyk, men òg prisutdelingar som Bokslukerprisen og Uprisen.

» DEI NOMINERTE

- ▶ **Lars er LOL**
Iben Akertie (Aschehoug)
- ▶ **Maretorn**
Tone Almhjell (Gyldendal)
- ▶ **Pyms mislykka sommerferie**
Heidi Linde (Gyldendal)
- ▶ **Anton og andre uhell**
Gudrun Skretting (Aschehoug)
- ▶ **Far din**
Bjørn Ingvaldsen (Gyldendal)

Leseformidlarer erfarer at jo høgare opp i skulen elevane kjem, jo lettare er det å finna gode nynorsktekstar. Til Rein tekstantologiane for dei eldste hentar dei gjerne frå vaksenlitteraturen.

– Mellomtrinnet er utfordrande. Eg trur ikkje juryen ignorerer nynorsken. Det er eit godt utval, men kanskje ikkje godt nok. Kvaliteten finst, men titlane må gjerast tilgjengelege for lesarane. Ein må kopla bok og lesar, sumner Burås.

SAMLAGSSATSING Drangsholt i ARK viser til dømes til Samlaget, når me spør etter nynorsk litteratur blant nominasjonane.

– Vår jobb er å gje ut bøker i så mange sjangrar som mogleg, og i dei sjangrane der me ikkje har nok bøker, supplerer me gjerne med omsett litteratur, forklarar Ragnfrid Trohaug, seniorredaktør for barn og ungdom i Samlaget.

– Det finst utruleg mykje bra som kjem på bokmål for denne aldersgruppa. Hå oss har me mellom anna Lene Kaaberbøl sine bøker. Om ein skal snevra det inn til nyskrivne nynorske bøker, er det færre, medgjev Trohaug, som likevel ikkje meiner det er nokon grunn til å slå alarm.

Ho forklarar at dei jobbar aktivt med å rekruttera fleire forfattarar til å skriva for mellomtrinnet – noko ho varslar at ein vil sjå fruktene av alt til neste år.

– Til neste år vert det fleire sterke kandidatar. Eg må vera såpass oppesen at til neste år håpar og trur eg at me har ein nominert.

– Er dette ei spesielt vanskeleg målgruppe å skriva for?

– Det kan vera ei utfordring at dette er ei målgruppe som har ei god narrativ forståing, fordi dei ser mykje film og spelar data. Men dei er ikkje nødvendigvis veldig trente lesarar. Når ein skal skriva i den sjangeren, må difor både forteljinga og dramaturgien vera interessant, samstundes som ein får med dei som ikkje er supersterke lesarar, svarar Trohaug.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

LÆRAREN:

Magnhild Storøygard er kontaktlærer for 10B på Ål ungdomsskule. Foto: Privat

GEILOAMBASADØREN:

Daniel Kvammen har på kort tid vorte ein populær musikar og eit dialektikon. Foto: Heidi Molstad Andresen, Hått Halling



- Hallingdialekta er ganske utvatna

Elevane i Hallingdal skal studera songtekstar i skuleprosjektet **#hallingpoesi**, for å bli meir trufaste til dialekta si.

«Dæ æ jaddi me rart koss det kan gå te Tenk at du går i lag med meg Og om det blæs kalt, æ eg varm og heit, for du æ den finast eg veit»

Slik går strofene i Hellbillies-klassikaren «Den finaste eg veit». I prosjektet **#hallingpoesi** får elevar frå Hallingdal boltra seg med utdrag frå denne og seks andre songar eller dikt frå lokale rimsmedar.

HÅTT HALLING For to år sidan starta Buskerud Mållag opp det tre-årige prosjektet Hått Halling, som har som mål å auka medvitet kring nynorsk og dialekt hjå ungdom, lærarar og barnehagetilsette i Hallingdal. Slik tek dei sikte på å gje unge språkbrukarar eit bevisst forhold til språket sitt – og hindra målbyte frå nynorsk til bokmål.

I prosjektet **#hallingpoesi** leikar ungdomsskuleelevar seg med strofer frå både Hellbillies, Stein Torleif Bjella, Signe Seim Bøygard, Terje Tørrisplass og unge, lovande Daniel Kvammen.

Ord frå songar som «Redningsmann» og «Fremad i alle retninga» er produsert opp som store ordschild med magnet bakpå, som elevane skal gjera om til ny poesi. Dikt Kassene har alt byrja å gå på rundgang hjå ungdomsskuleklassane i dalen.

– Me håpar at **#hallingpoesi** kan vera ein dytt til å gjera elevane betre kjent med lokalkultur og gje inspirasjon til å dykka djupare ned i resten av tekstforfattaren sin produksjon i fag som musikk og norsk, seier Hått Halling-leiar Heidi Molstad Andresen, som har utvikla konseptet.

Ho håpar at det fysiske arbeidet med orda gjer prosjektet meir leikent enn vanleg skriftleg arbeid.

FÅ UNGE SNAKKAR DIALEKT

– Det er ein veldig fin ressurs for å setja fokus på det. Me har dialekt og språk på læreplanen, men det er fint å dra det lokale meir inn. Me har jo mange gode dikttrarar og artistar frå Ål og Hallingdal, seier Magnhild Storøygard, som er kontaktlærer for klasse 10B ved Ål ungdomsskule.

Storøygard, som sjølv er oppvaksen i bygda, fortel at ein tredel av elevane på skulen har bokmål som hovudmål, medan resten har nynorsk. Alle elevane i Ål har brukt å ha nynorsk som hovudmål på barneskuletrinnet, men på Ål vidaregåande skule var det i 2013 berre 6,9 prosent nynorskbrukarar.

Tal frå same året viser at i nabokommunen Gol vart talet på nynorskbrukarar halvert på ungdomsskulen – frå 39 prosent til 18,2 prosent. På Gol vidaregåande var det berre 4 prosent nynorskbrukarar i 2013.

Verken Hått Halling eller Storøygard har eksakte tal på dialektbruken, men læraren reknar med at berre ein femtedel av elevane hennar pratar halling.

– Mange normerer språket sitt på skulen og hallingdialekta har vorte

ganske utvatna, men det er ein del som har dialekttrekk.

Storøygard forklarar at foreldregenerasjonen i stor grad pratar dialekt, medan ungane vert påverka av språket frå Oslo og Drammen. Tendensen er at elevar frå sentrum i mindre grad pratar dialekt enn dei som kjem frå bygdene rundt.

IDENTITETSASPEKTET Storøygard er ikkje redd for at hallingdialekta skal døy ut. Ho meiner at regionalisering er ei naturleg utvikling.

– Det er jo slik at språk endrar seg. Men det er litt synd at dialekta ikkje blir brukt meir, for då vert det vanskelegare å læra det. Eg snakkar jo dialekt som best eg kan og vil gjerne bli forstått, seier læraren, som er oppteken av dialektmangfald og identitetsaspektet ved språket.

Av tekstane i poesiprojektet er det hovudvekt av dialekt, med nokre nynorske innslag.

– Det er mykje som tyder på at det er fleire hallingpratande elevar som vel nynorsk som opplæringsmål, enn dei som pratar bokmålsnært. Å byggja interesse og engasjement for halling gjennom å gjera elevane kjent med populærkultur som nyttar dialekt, er ikkje berre god identitetsbygging og styrking av lokal språkkultur, men også ein indirekte måte å styrkja nynorsken på, skriv Heidi Molstad Andresen, som merkar like stor interesse for hallingtiltak i både bokmålskommunar og nynorsk kommunar i dalen, seier ho.

– Nynorsktiltak er derimot langt meir utfordrande å få til i bokmålskommunane.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no



VETERANEN: I fjor feira gitarist Lars Håvard Haugen 25 år med bandet Hellbillies, som har gjort halling populært over heile landet.

Foto: Heidi Molstad Andresen, Hått Halling



» LANDET RUNDT

KOMMUNESAMANSLÅING I BØ

Bø Mållag i Telemark inviterer til møte om språk, kommunesamanslåing og kommunereform måndag 28. november. Nestleiar i Noregs Mållag, **Jens Kihl**, skal halda innlegg om saka.

IDÉDUGNAD I BERGEN

Styret i **Hordaland Mållag** inviterer alle mållagsmedlemer til ein stor idédugnad for å få fram gode forslag til tiltak som kan styrkja nynorsken på Vestlandet og elles. Trass i aukande godvilje til nynorsksaka, møter ho likevel stadig nye utfordringar. Difor etterlyser Hordaland Mållag alternative innfallsvinklar og idear til lure arbeidsmetodar. Samlinga er på Gimle laurdag 19. november klokka 12.00.

DEMONSTRERTE FOR NYNORSK

Torsdag 29. september demonstrerte **Stavanger mållag** for nynorsk i Vestlandsregionen. Mållagsleiar **Magne Aasbrenn** heldt appell for dei kring 150 som møtte fram på torget framfor kulturhuset Søvberget.



Foto: Magne Aasbrenn

MÅLET I NYE STAVANGER

Stavanger Mållag inviterer til medlemsmøte for å drøfta korleis mållaget kan sikra interessene til nynorskbrukarane i den nye kommunen med Finnøy, Rennesøy og Stavanger. **Jens Kihl**, nestleiar i Noregs Mållag, vil snakke om samanslåing og kommunereform. Alle mållagsmedlemer er velkomne, særskilt dei frå Stjernarøy, Finnøy, Rennesøy og Stavanger.

VARANGER MÅLLAG FEIRA 40 ÅR

Siste helga i oktober inviterte **Varanger Mållag** til jubileumsseminar om språk og litteratur på Vadsø museum – Ruija kvenmuseum. Leiar i Varanger Mållag, **Rønnaug Ryssdal**, kunne by på eit rikholdig program. Stikkord var fornorsking, kringkasting, finnmarksdialektane og fleirspråklegheit i nord.

SPRÅKKAFÉ I SUNNDAL

Siste måndag i oktober arrangerte **Sunddal Mållag** for fyrste gong språkkafé i Sunddal. Leiar i Sunddal Mållag, **Nils Ulvund**, og **Mahmoud Ibrahim Mohamedsaed** står bak det lokale initiativet, som er inspirert av språkkafear landet over.

«EDDA-DIKT FOR VÅR TID»

Mållaget **Dag** inviterer jamt til møte på Dag Bondeheim. Den 7. desember er møtet med forfattar **Knut Ødegård** og professor i norrøn filologi, **Jon Gunnar Jørgensen**. Det blir ein kveld med presentasjon av Edda-dikta. Edda-dikta er eit høgdepunkt i den førkristne nordiske litteraturen.

STRATEGIMØTE OM SIDEMÅLSSTILEN

Fredag 2. desember inviterer **Noregs Mållag**, **Hordaland Mållag** og **Odda Mållag** til strategimøte om sidemålsstilen på Clarion Hotel Flesland. I løpet av dagen vil både politikarar, målfolk og fagfolk belysa sidemålsaka frå ulike sider.

Då Erik Bolstad bløffa på jobbintervju

Den nye **sjefredaktøren i SNL** bløffa på jobbintervju hjå NRK, til gjengjeld vart han «pappaen» til Yr.no.

– Eg innsåg at eg hadde byrja å tenkja på pensjon, og då har ein vore for lenge på ein stad, smiler Erik Bolstad, som etter 15 år i NRK gjekk over til stillinga kommunikasjonssjef og redaktør i Store Norske Leksikon.

Etter berre eitt år er han klar til å ta over som sjefredaktør etter Anne Marit Godal.

YRANDE I NRK har Bolstad sett tydelege spor etter seg på nett. I seks år var han ansvarleg for leiargruppa i Nye Medier-avdelinga. Han har vore ansvarleg for NRK Nett-TV, Nettradio, NRKbeta og ikkje minst er han pappaen til Yr.no.

Sistnemnde kan ein trygt seia at er eit slags hjartebarn for Bolstad, ikkje fordi han er ein vèrmann, men fordi han er det han kallar eit «statistikk- og analysemeneske».

Statistikk var nemleg det faget han hadde mest glede av då han studerte statsvitenskap og medievitenskap på Blindern.

Og fordi vaksjefen i NRK ikkje ynskte seg folk med journalistutdanning, fekk Bolstad jobb med ein liten bløff:

– Eg sa at eg kunne programmera, men det kunne eg ikkje i det heile. Så skjønnte eg at det var lurt å læra litt, seier Bolstad, som etter kvart vart ein slags digital ryddegut i NRK.

– Når eg har designa ting, drit eg litt i korleis det ser ut, og fokuserer på at folk forstår, seier Bolstad, som med Yr.no har fått Norsk forms pris for unge formgjevarar.

Den gongen sprang han ganske enkelt rundt på t-banen for å testa om folk forstod dei ulike symbola.

SKULEBOKA Då Journalisten intervjuar den nye redaktøren, vart ingressen: «Den største utfordringen er visstnok å nå de eldre brukerne.» Og ser du på topplistene til Store Norske Leksikon, er det ikkje van-

» ERIK BOLSTAD (1977)

► Frå Bærum

► Har studert medievitenskap og statsvitenskap på Universitetet i Oslo

► Jobba 15 år i NRK der han har laga vèrtenesta Yr, vore vikarierende språksjef, med i leiargruppa for Nye Medier-avdelinga og redaksjonssjef for Nett-TV, nettradio og NRKbeta

► Byrja som kommunikasjonssjef i Store Norske leksikon i 2015 og tek over som sjefredaktør i november 2016

► Vaks opp i Bondeungdomslaget, Norsk Målungdom og seinare Mediemållaget

skeleg å kopla dei til læreplanane.

– Me er Noregs største skulebok. Mest lesne artikkel er alltid islam, hinduisme, jødedom og så vidare, forklarar Bolstad, og dreg fram ein kalender.

«Kampen om tungtvannet» gjorde tydeleg utslag i fjor. I februar og fram mot 9. april er det andre verdskrigen. Etter det kjem den kalde krigen. 17. mai er sjølv sagt. Og i dei stille sommarmånadene er det gjerne medisinske skyt i vèret. Då googlar folk mellom anna artrose, for å finna ut at det er gikt.

Ifølgje Bolstad er det ingen andre nasjonalleksikon som har klart overgangen til nett på ein så god måte som SNL. Dei få andre som framleis held koken, er gjerne statsfinansierte, stengde bak betalingsmurar, som Britannica, eller står og «rotar på rot» utan å bli oppdaterte.

Store Norske Leksikon har i dag ni redaktørar som redigerer inn-

hald frå rundt 560 bidragsytarar. Desse er fagfolk knytt til dei ulike universiteta og høyskulane som eig SNL.

– Her har dei plutsleg ei plattform der dei slepp å laga spissa medieutspel for å få journalistar interesserte, seier Bolstad.

AASEN PÅ BOKMÅL Utfordringane framover vert ifølgje den nye redaktøren å bli betre kjent, spesielt blant den eldre garden, og å rekruttera fleire fagfolk til å gjera innhaldet endå betre.

Han har òg eit mål om å få opp nynorskdelene, som dei i dag ikkje har noko tal på.

– Me har altfor lite nynorsk no. Til og med artikkelen vår om Ivar Aasen er på bokmål, avslører Bolstad, som absolutt meiner det er på sin plass å lesa om Aasen på nynorsk.

Men sjølv om dei vil ha opp nynorskdelene, er ikkje parallellutgåver aktuelt. Då er det betre at folk må lesa nokre emne på nynorsk. Men språkguru Rolf Theil er i gang med å omsetja alle artiklar han jobbar med, noko som betyr at det er mange bra artiklar om litt obskure språk – på nynorsk.

Og apropos obskure språk: Bolstad kan hebraisk.

Han er i tillegg ein nynorskbrukar frå Bærum, men synest ikkje det er særleg spesielt. Bolstad var ein av heile ti elevar som bytte hovudmål det året på vidaregåande. Han skuldar på kultur stolte telemarkingar i familien.

– Eg synest nynorsk er eit veldig fint demokratisk ideal. Det handlar om kvar språket kjem frå, og kven det er til for. Det har ei bra historie. Og personleg tykkjer eg at eg skriv betre, fordi det er meir motstand. Ein må tenkja seg meir om i kvar setning. Det er tydelegare. Ein skriv mykje klarare og kan ikkje gøyma seg bak lange, passive konstruksjonar, der det er umogleg å skjønna kven som har gjort kva, sagt kva eller meint kva, seier Bolstad, og legg til:

– Det er ein kvalitet ved nynorsken ein ikkje tenkjer nok på. Ein seier gjerne at nynorsk er så fint i dikt, men det er òg så ufattelleg mykje betre når ein skal skriva ein rapport.

A TIL Å, MINUS MATEMATIKK

At Erik Bolstad no har hamna i ein leksikonredaksjon, er neppe tilfeldig. Han kan nemleg skryta av å ha lese nesten heile store norske leksikon.

– Heilt frå A til Å, unnateke matematikk, for det skjønnte eg ikkje. Og eg skjønner det framleis ikkje, men etter at eg byrja her, har eg skjønnt at det ikkje har noko med meg å gjera. Det har med artiklane å gjera. Dei er grusame, ler Bolstad.

Leseprojektet starta då han var ti år og mora kjøpte eit nytt leksikon. Kor mange helgetimar som gjekk med, hugsar han ikkje.

Redaksjonen i SNL jobbar no med korleis ein kan få kjensla av å bla seg framover på nett. Slik kjem Bolstad inn på Denis Diderot, franskmannen som fann opp leksikonet med Den store franske ensyklopedien.

– Det var ganske radikalt å ordna det alfabetisk. No tenkjer me at det er slik eit leksikon er, men det er jo eit val nokon gjorde nettopp for at emne skulle hamna ved sida av kvarandre, slik at ein kunne oppdaga meir. Britannica byrja med ei overordna tematisk inndeling, men A til Å er ei ganske fin inndeling, konkluderer Bolstad.

MÄRTHA, SEX OG ENGLAR

Men sine eigne bokhyller, som for tida er pakka ned i esker, har Bolstad organisert tematisk.

Størsteparten av dei kring 5000 bøkene, som etter kraftig slanking fyller ti Billy-bokhyller, er geografi. To hyller er historie, ei design og den morosamaste kategorien er «sex, Martha, englar og overnaturlige ting», som fyller seksti centimeter.


– Eg har aldri lese romanar, skjønnlitteratur synest eg er keisamt. Eg synest det er fint å ta i store, gode faktabøker. Men lesevanane mine har endra seg dramatisk, eg merkar at eg les mindre og mindre på papir.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

SPRÅKNERD: Erik Bolstad har vore vikarierende språksjef i NRK og har planar om å auka nynorskdelene i SNL.

“ – Eg har aldri lese romanar, skjønnlitteratur synest eg er keisamt. Eg synest det er fint å ta i store, gode faktabøker.





Bør **helsesøster** ut? Bør **hen** inn? Og har språk egentleg noko å seia for likestillinga mellom kjønn – og dei som ikkje passar inn i kategoriane?

KJØNNAR DU?



SAMISKE SON: Samisk språk har ikkje kjønna pronomen, så Dávvet Bruun-Solbakk og Sajje Solbakk har vakse opp med særnamna som sine personlege pronomen.

– Når me forklarar at son er både han og ho, så er det mange som slit med å forstå korleis me kan fortelja ei historie om tre personar. Men me er så vane med det å bruka namn på personar, så det er ikkje så vanskeleg som nordmenn trur det er, forklarar Sajje Solbakk.

Det er først i kjølvatnet av Sápmi Pride og den pågåande hendebatten at 19-åringen, som er leiar i Oslove Noereh, har byrja å tenkja over at samisk ikkje har kjønna pronomen.

– Eg blir jo litt stolt over at me allereie har det, seier Sajje.

UPERSONLEG PRONOMEN

Også søskenbarnet hennar, Dávvet Bruun-Solbakk, tykkjer det er artig å

» HEN

- Kjønnsnøytralt pronomen i tredjeperson eintal
- I 2014 kom *hen* inn i Svenska Akademiens Ordbok

Kjelde: SNL

tenkja på at morsmålet deira er utan kjønna pronomen.

– Treng me *hen* i det norske språket?

– Ja, det meiner eg absolutt.

Fordi ein ikkje skal ekskludera folk i språket. Det er veldig viktig at alle føler seg inkluderte, meiner Bruun-Solbakk, som tidlegare i år leia Sápmi Pride.

For Dávvet og andre som jobbar for skeive samar, er eit kjønnsnøytralt språk gull verdt.

Men trass i kjønnsnøytrale pronomen ser det ikkje ut til at det samiske samfunnet har mindre normative kjønnsroller enn det norske samfunnet. Ifølgje Dávvet, er det heller strengare kjønnsroller.

– Det handlar ikkje om at ein ikkje tenkjer på kjønn, men i språket er det ikkje så veldig tydeleg, understrekar Dávvet.

BERRE DÁVVET – Du er han på norsk?

– Eg veit ikkje. Eg har berre blitt van med at folk kallar meg *han*, så eg føler meg ganske komfortabel med han. Men eg trur ikkje eg ville kalla meg sjølv verken han eller ho.

Dávvet forklarar at fordi son ikkje vert oppfatta særleg personleg i nordsamisk, kan det faktisk verta oppfatta som litt uhøfleg.

– Det er jo eit personleg pronomen, men det er ikkje så personleg å kalla nokon for son. Det gjev ein

distanse fordi du vanlegvis ville sagt namnet. Når mamma snakkar om meg, seier ho berre namnet mitt, og det er det eg oppfattar som mitt personlege pronomen. Det er berre Dávvet.

Dei to søskenbarna synest det er ein stor fordel at ein i samisk brukar namn for å framheva enkeltmennesket, framfor kjønn.

HEN-FORKJEMPAREN Filolog, forfattar og skribent Kristin Fridtun gav i fjor ut essaysamlinga *Kjønn og ukjønn*. Fridtun identifiserer seg som transperson og føretrakkjer difor *hen* som sitt personlege pronomen.

– Eg likar godt at det utfordrar førestillinga om at det berre er to kjønn. Men sjølv om eg er for *hen*, så tyder ikkje det at eg er imot han og ho. Eg vil ikkje utsletta pronomena våre, men eg vil ha dette i tillegg, understrekar Fridtun.

Sjølv om Fridtun meiner me har behov for det kjønnsnøytrale pronomenet *hen*, meiner *hen* det ikkje

“ Eg trur ikkje eg ville kalla meg sjølv verken *han* eller *ho*.

Dávvet Bruun-Solbakk



KJØNN I SØR: Katalanske Aina Serra Molina ser på dei nordiske landa som eit likestillingsføredøme, men meiner språk kjem i andre rekkje.

er grunn til å gje ordet noka særbehandling. Det betyr at ordet ikkje kjem inn i ordboka før det vert teke i bruk i daglegspråket, noko Fridtun spår at kan ta nokre år.

STORTINGSREPRESENTANTEN SOM FORSVANN I samband med hen-debatten trekkjer Fridtun parallelar til 70-talets likestillingsarbeid og språkkampen som utfor-

dra dåtidas kjønnsnormer mellom anna i yrkesnemningar.


– Motstanden går heile tida på at språket ikkje går an å endra og at det er unaturleg. Men mykje har

endra seg. Me seier ikkje lenger stortingsmann, men stortingsrepresentant, postmann er blitt postbod og tillitsvalt har erstatta tillitsmann. Det er mogleg å gjera språket meir ope og inkluderande, understrekar Fridtun.

– Språket går ingen veg av seg sjølv, heldigvis. Her kan enkeltpersonar, og politikarar som utformar lovtekstar, ha mykje å seia. Men ofte heng det offisielle språket litt etter, og ein ser at språket i aktivist- og feministmiljø skil seg frå det offisielle, før storsamfunnet plukkar det opp.

KRUTSTERK ASYMMETRI Hen er likevel klar over at hen gjer noko ganske anna enn kjønnsnøytrale yrkesnemningar, når det utfordrar det tradisjonelle synet om at det berre finst to kjønn.

– Det er symmetri og harmoni, som går opp. Om nokon kjem og pirkar i dette, vert alt det kjende utfordra, noko som er ubehageleg. Folk er opptekne av både kjønn og språk,



så om nokon tuklar med begge, kan det bli krut.

Ifølgje Fridtun kokar det ned til ulike språksyn.

– Eg støttar meg til dei som meiner at språket er med på å forma verda me lever i og måten me tenkjer på. Det er sjølvsagt ikkje det einaste, men kva ord me nyttar, gjev oss visse assosiasjonar og er styrande for måten me tenkjer på.

FORDELEN MED HEN Språkrådet seier eit foreløpig «tja» til oppføring i ordbøkene, då dei meiner at eit nytt pronomen må vera skikkeleg innarbeidd først. «Det vil seia at vi ventar, men følgjer med på utviklinga i språksamfunnet,» skriv Språkrådet på nettsidene sine.

Trond Trosterud er språkforskar ved Noregs arktiske universitet i Tromsø og sit i styret i Språkrådet. Han har følgd debatten om *hen* hjå naboane våre i Sverige, som i 2014 fekk det kjønnsnøytrale pronomenet inn i ordboka.

– Eg ser ein kontekst der det er upraktisk ikkje å ha det. Sei at du skal skriva ein artikkel basert på dette intervjuet, og eg seier at då vil eg at korrekturlesaren skal ta omsyn til eit par ting. Så spør du kva ting «han eller ho» skal ta omsyn til. Akkurat der kunne me latt vera å spesifisera kjønn. Eg snakkar ein del samisk på jobb og finsk heime. Desse språka har ikkje *han* eller *ho*, og i denne samanhengen ville eg brukt det finske *hän*, forklarar Trosterud.

Dette er Dávvet Bruun-Solbakk einig i:

– På norsk brukar ein ofte *han* når ein skal vera nøytral og det ikkje skal vera kjønna. Kanskje har me ikkje dei same strukturane som gjer at det er veldig mannsdominert i språket. Det er jo ein veldig fin ting, slik at ein i alle fall ikkje byggjer opp dette mannsdominerte samfunnet, seier Bruun-Solbakk.

Likevel kan ein ikkje med pronomen i hand slå fast at det samiske samfunnet er meir likestilt enn det norske. Faktisk kom det nyleg tal som viser at samiske kvinner vert utsette for vald i større grad enn norske kvinner.

FORDELEN MED HAN OG HO

Indoeuropeiske språk har mannlege og kvinnelege pronomen. I denne gruppa finn me germanske og slaviske språk. Dei opphavlege språka i Nord-Eurasia, uralske, tyrkiske, mongolske, tungusiske og paleosibirske språk, har ikkje grammatisk kjønn. Det vanlege her nord er altså at språk ikkje har mannlege og kvinnelege pronomen. Dei uralske språka, der me finn både samisk og finsk, har ikkje kjønna pronomen.

– Det har sine fordelar at ein skil mellom grammatisk kjønn. Sett at du snakkar om ekteparet Per og Kari. Med pronomen kan du enkelt gjera klart kven som gjorde kva, medan finnane då må sei at «*mannen* gjer slik» og «*kvinna* gjer slik». Men pronomen fungerer berre om ein er i stand til å lenkja det til røynda, understrekar Trosterud.

KVEN ER HÄN? For finnar flest byr ikkje kjønnsnøytrale pronomen på

problem, men for dei som ikkje har språket som morsmål, kan det oppstå forvekslingar.

– Eg hadde ein kvinneleg kollega som kunne finsk og hadde eit forhold til ein finsk mann over lengre tid. Han snakka mykje om ein person han kjente, og ho skjøna ikkje at dette var ein mann, noko som hadde relevans for deira forhold, forklarar Trosterud.

Men kjønn i språk handlar om meir enn arbeidstitlar og pronomen. I norsk deler me òg substantiv inn i genus eller grammatisk kjønn.

Trosterud har forska på reglane for om orda er hankjønn, hokjønn eller inkjekjønn. Konklusjonen er at inndelinga ikkje er så tilfeldig som mange vil ha det til.

– Det er ein tendens til at ord som betyr negative ting, er hokjønn.

Det er stereotypien om at hankjønn er positivt og hokjønn er negativt, forklarar Trosterud.

-A FOR KVINNA Russisk markerer kjønn endå sterkare enn norsk. Hjå våre naboar i aust får nemleg verb i fortidsforma a-ending dersom subjektet er ei kvinne.

– Det kan ikkje vera lett å driva med kjønnskifteoperasjon i Russland. Der har dei latt biologisk kjønn valsa inn i grammatiske genus, seier Trosterud.

Også i Spania har dei kjønna endingar, der ord på -o refererer til mannleg og -a til kvinneleg.

Katalanske Aina Serra Molina (25) identifiserer seg som ei skeiv, androgyn kvinne. For ho er dei nordiske landa eit føredøme når det kjem til likestilling.



HEN: Filolog Kristin Fridtun trur det vil ta nokre år før *hen* kjem inn i den norske ordboka.

Alle foto: Andrea Rygg Nøttveit

“Sjølvsagt om eg er for *hen*, så tyder ikkje det at eg er imot *han* og *ho*.

Kristin Fridtun



– Me har ikkje eit nøytralt pronomen for folk, berre for ting. Det fungerer berre ikkje, meiner ho.

Spania har rykte på seg for å vera eit føregangsland både når det kjem til homofile og transseksuelle sine rettar. Akkurat kvifor det er slik, har ikkje Aina noko godt svar på, men ho omtalar òg det spanske samfunnet som svært sexistisk.

– Eg trur språk er viktig, men ingenting vil endra seg før kvinner vert behandla likt som menn. For meg er språk sekundært, det handlar om menneskerettar, seier ho.

HO FRAMFOR HEN

Trosterud meiner debatten om *hen* i Sverige og Noreg har vorte køyrt med ein misforstått feministisk agenda.

– Eg er absolutt for kvinnefrigjering. Mi innvending er at om nokon

trur at kvinna si stilling i samfunnet vert betre av å oppheva kjønn i språk, så kan dei ta ein studietur til Finland eller Mongolia. Eg synest ikkje kvinnekamp skal drivast på pronomennivå.

Som medlem i styret i Språkrådet er Trosterud med på å avgjera kva ord som skal inn i ordboka. Han har ei deskriptiv tilnærming og vil difor gjerne sjå *hen* i bruk før me gjer som svenskane og får eit kjønnsnøytralt personleg pronomen inn i ordboka.

– Mitt forslag er å bruka *ho*, framfor *han* i tekstar der personen ikkje er spesifisert. Så lenge me stussar på *ho* som uspesifikk pronomen, treng me denne pronomenbruken. Eg er ingen ven av *hen*, men det er fordi eg er grammatikar, avsluttar han.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

TRE GRUNNREGLAR FOR KJØNSBALANSERT SPRÅKBRUK

Bruk kjønnsnøytrale ord når det er tale om begge kjønn, eller når du ikkje veit kva kjønn det gjeld

Bruk kjønnsnøytrale nemningar så langt som råd for yrkestitlar og verv. Mange titlar og namn på verv er kjønnsnøytrale, men langt ifrå alle. Bruk *leiar* i staden for «formann», *sekretær* eller *fullmektig* i staden for «kontordame», *varamedlem* eller *vara* i staden for «varamann».

Bruk ikkje automatisk pronomenet *han* for å vise tilbake til personnemningar som «sjefen», «journalisten» og «sjåføren» i generell omtale, det vil seia når du ikkje tenkjer på ein bestemt person.

Unngå å bruka adjektiva *kvinneleg* og *mannleg* ved yrkesnemningar når det ikkje er grunn til det: «kvinneleg tannlege» — «mannleg sjukepleiar». Slik ordbruk kan gje inntrykk av at det «normale» er at tannlegar er menn og sjukepleiarar kvinner.

Kjelde: Språkrådet



TENK NYTT: Torge Pedersen Dorholt og Julie Bjørnstadjordet meiner det er ekstremt viktig ikkje å ha gamaldags nynorskundervisning. Foto: Andrea Rygg Nøttveit

– Eg veit ikkje korleis eg skal læra bort nynorsk

Lærarstudentane **Torge Pedersen Dorholt** og **Julie Bjørnstadjordet** gjekk på Nynorsk motivasjonsdag etter oppmøding frå førelesaren.

– Eg var svært lite motivert for å læra nynorsk, så eg veit ikkje korleis eg skal læra det bort, medgjev Torge Pedersen Dorholt frå Lunde i Telemark.

21-åringen er førsteårsstudent på allmennlærerutdanninga for 5.–10. trinn på Høgskolen i Oslo og Akershus.

På oppmøding frå ein førelesar har han og medstudent Julie Bjørnstadjordet (20) fått fri frå praksisperioden for å delta på Nynorsk motivasjonsdag.

Seminarer vart skipa av Bærum Mållag, Fylkesmållaget Vikværingen og Oslo Mållag.

for å få inspirasjon til korleis undervisa betre i nynorsk.

– Eg tenkjer det er mange elevlar som vil koma til oss med spørsmål om kvifor dei skal læra nynorsk. No får me eit litt betre svar på det og inspirasjon til å fornya undervisninga, slik at det ikkje vert dei same, gamle, demotiverande greiene, seier Bjørnstadjordet.

20-åringen hugsar nynorskundervisninga på ungdomsskulen som lite motiverande.

– I tillegg er det ofte eldre søsken eller vener som snakkar det ned, seier ho.

Lærarstudenten meiner at dei fleste elevane ikkje lærer nynorsk godt nok til at dei opplever meistringskjensle.

– Me har lært at ein kan bruka fleire, men kortare tekstlar. Slik føler ikkje elevane at dei får vatn over hovudet. For sjølv om det er mykje som er likt bokmål, er det òg mykje som er annleis, seier ho.

KORLEIS GJERA NYNORSK KULT?

Marit Lovise Brekke frå Nynorsk-senteret i Volda kom med ei klar oppmøding til lærarane om å bruka ressursane dei har tilgjengeleg og gjerne ta kontakt for felles prosjekt.

I tillegg heldt lektor og leiar i Noregs Mållag Magne Aasbrenn innlegg om korleis gjera nynorsk kult for austlandselevar. Her trekjer han fram ein illustrasjon som Arild Midthun teikna til Erna Osland si bok Ivar Aasen. Ei historie om kjærleik.

– Eg trur at biletet av Ivar Aasen som gamal gubbe forstyrrar litt. Ein må få fram at han byrja å skriva om språket som 22-åring. Han var ein ung idealist, som var oppteken av å samla språket til bøndene, framfor folk i hovudstaden. Denne rettferdstanken trur eg appellerer til unge, seier Magne Aasbrenn som har vore lektor ved Frederik II

videregående skole i Fredrikstad i ei årrekke.

Aasbrenn sitt viktigaste tips til lærarane er å la elevane lesa ekte publikasjonar, framfor resirkulerte skuleoppgåver.

– Ein kan nytta levande nynorskblad som lokalaviser og Framtida.no. Eit tips for å finna nynorsk på nett er å skriva ikkje i Google, då unngår ein stoff som ser fem generasjonar gamalt ut.

VITAMININNSPRØYTING Dagen derpå er styremedlem i Fylkesmål-laget Vikværingen, Håvard Tangen, strålende nøgd.

– Det er ikkje ofte ein klarar å mønstra så mange ikkje-medlemmer. Det var nesten like mange som kjem på landsmøtet til Noregs Mållag, men her var eit fåtal medlemmer. Det var mange nyfikne lærarar som hadde lyst til å få meir kunnskap og utvikla seg. Det trengst alltid vidareutdanning og ei vitamininnsprøyting – og det er jo det me driv med, seier Tangen.


Han håpar det vert fleire store motivasjonsdagar i hovudstaden. I tillegg ser Tangen for seg at lærarar i andre regionsenter – som Bergen, Stavanger og Trondheim – kan ha nytte av eit slikt seminar.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@Framtida.no

KVIFOR NYNORSK? Onsdag var rundt 130 lærarar frå Oslo og Akershus samla på ein fullstappa Bikube på Det Norske Teatret

HELTEN: – Ein del-takar sa at om dette var ein Hollywood-film, så hadde nynorsk vore vinnaren. Det tykkjer eg kjem fram i dette biletet, seier Magne Aasbrenn om illustrasjonen frå Arild Midthun.

Illustrasjon: Arild Midthun





SPANANDE KURS: Mange lærarstudentar møtte opp då Øystein Vangsnes heldt nynorskurs på UiT.

Foto: Gunnhild Skjold

Framtidas superlærer kan nynorsk!

Mange utdanningsinstitusjonar ventar at studentar meistrar **både nynorsk og bokmål** når dei går ut frå vidaregåande.

Realiteten er at ikkje alle studentar kan nynorsk godt nok, og utan vidare opplæring i lærarutdanninga, går det utover nynorskopplæringa elevane får, anten det er i sidemål eller hovudmål. Difor har me i haust hatt kampanjen *Framtidas superlærer kan nynorsk!*

Før og under kampanjen har me jobba godt saman med Pedagogstudentane, studentane sin interesseorganisasjon i Utdanningsforbundet med over 17 000 medlemmar. Dei veit godt kor skoen trykkjer: Fleire av medlemmane deira, både på allmennlærer- og lektorutdanning, seier at dei får altfor lite opplæring i nynorsk til å kunne gjere ein god jobb. Saman med Pedagogstudentane har me vedteke ei fråsegn om kva me krev

for at situasjonen skal bli betre: at nynorsken må bli ein meir sentral del av norskopplæringa i lærarutdanningane, at nynorskdidaktikken må styrkast og at utdanningsinstitusjonane sikrar at ferdigutdanna lærarar har tilstrekkeleg kompetanse i nynorsk.

Mange av studentmållaga våre har hatt arrangement saman med Pedagogstudentane sine lokallag over heile landet. I Bergen og i Trondheim hadde studentmållaga stand der dei snakka med lærarstudentar om kampanjen og kva som skal til for at nynorskkompetansen deira skal bli betre. I Oslo, Tromsø og Stavanger skipa studentmållaga til nynorskurs saman med Pedagogstudentane sine lokallag. Kurshaldarane Vegard Storsul Opdahl og Øystein Vangsnes snakka og forklarte for mange interesserte lærarstudentar som sette stor pris på at studentmållaga ordnar opp der mange av utdanningsinstitusjonane sviktar.

Jamvel om kampanjen var over i oktober, er ikkje saka avslutta før alle lærarar er like godt skikka til å undervise i både dei norske språka. På landsmøtet i 2017 skal me vedta nytt program for nynorsk i lærarutdanningane,



NYNORSKE YNSKE: Elise Tørring frå Studentmållaget i Oslo (til venstre) samla inn mange ynske frå lærarstudentar ved UiO om korleis ein kan gjere nynorskopplæringa i lærarutdanninga betre.

Foto: Karl Peder Mork.

me skal halde fram det gode samarbeidet med Pedagogstudentane, og me skal skipe til nynorskurs på lærestadar over heile landet der lærarutdanningane ikkje sjølv tek ansvar for nynorskopplæringa til studentane.



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Leiar i Norsk Målungdom

Det vanskelege byttet

FRÅ TID TIL ANNA dukkar det opp post i Norsk Målungdom sin innboks som er ekstra gledeleg. Til dømes slike: «Hei! Me har ein elev som ynskjer å byte hovudmål til nynorsk. Korleis gjer me eigentleg det?»

AT ELEVAR I bokmålsområde finn ut at nynorsk er det som høver best for dei, er storveg. Det syner at valfridomen som sidemålsordninga legg opp til, i somme tilfelle faktisk kan fungere. Å lære både nynorsk og bokmål i skulen gjev elevane eit reelt høve til å velje kva som er best for dei. At skulane i tillegg tek valet til elevane på alvor, og gjer ein innsats for å handtere dette, er viktig. Det skulle sjølvsagt berre mangle, då dette er noko ein har rett til, men me veit at mange av dei som vil byte frå bokmål til nynorsk, møter motbør.

OM EIN DERIMOT YNSKJER å byte frå nynorsk til bokmål, er det tilsynelatande ein mykje enklare veg å gå. I PROBA-rapporten om nynorsk som hovudmål, kjem det fram at skulane i undersøkinga gjorde lite for å hindre målbyte. Det vart rapportert om tilfelle der val av hovudmål vart gjort ved handsopprekking, der elevane som var borte, vart registrerte med bokmål som hovudmål. Det har òg hendt at somme skular automatisk registrerer alle nye elevar som bokmålslevar. Enkelte elevar vert rådde til å byte av læraren sin, då det kan spele positivt inn på karakterane deira.

MANGE AV DEI SOM har bytt til nynorsk som hovudmål, kan fortelje om lærarar som har rådd dei frå å gjere det. Dei får høyre at dei ikkje er flinke nok, at det er vanskeleg å skaffe bøker, eller at læraren ikkje kan gje dei fullgod rettleiing på nynorsk. Me kan ikkje ha det slik at det skal vere så lett å byte til bokmål, men så utruleg vanskeleg hin vegen!

ME I MÅLUNGDOMEN HAR nett hatt kampanjen «Framtidas superlærer kan nynorsk!». Det handlar ikkje berre om at lærarstudentane må lære nynorsk, men òg at dei må lære om nynorsk. Det er viktig at dei har innsikt i den norske språkstoda og den skeive maktstrukturen mellom bokmål og nynorsk, og at dei såleis veit at nynorskelevar i mindretal treng å bli støtta opp om. Dei må òg vite kva for språkelege rettar elevane faktisk har, slik at elevane har eit reelt val til å byte til nynorsk om dei ynskjer det. Retten til å byte hovudmål må gjelde begge vegar!

Storstilt vervekampanje

Kvar haust har Norsk Målungdom vervekampanje med stor ståhei og flotte premiar. I år fekk me eit resultat som me knapt kunne drøymt om. Heile 248 nye målungdomar vart verva på dei fem kampanjeveke.

Mykje av det gode resultatet

skuldast at me frå i haust har utvida staben vår. Hannah Kolås er tilsett som ny reiseskrivar, og under vervekampanjen fekk ho verkeleg reist mykje rundt. Me fekk besøkt heile ti av dei seksten lokallaga våre for å stå på stand, og det syner verkeleg att på

vervestatistikken: Firda målungdom verva heile 68 nye medlemmer, Søre Sunnmøre målungdom verva 32 og Studentmållaget i Oslo 23. Me gler oss stort over at tilvoksteren er så god, og at dei tiltaka me gjer for å auke aktiviteten i laget, gjev så tydelege resultat.

Kva hadde skjedd om Julie var på Tinder?

Kjersti **Dalseide** og Axel Gehrken **Bøyum** meiner dialogen mellom Romeo og Julie har fellestrekk med Tinder-flørten.

– No gifta dei seg, men det er ikkje sikkert Romeo og Julie hadde levd lykkeleg saman og fått barn. Det handlar om den intense forelskinga, som kan forvekslast med kjærleiken, seier Kjersti Dalseide frå Ål i Hallingdal.

Sidan mars har 30-åringen stått på scena som Julie, eine halvparten av verdas mest forelska par. William Shakespeare (1564–1616) sin tragedie om eit ungt par som ikkje får kvarandre før i døden, har vorte eit symbol på sjølv kjærleiken.

Med seg på scena har ho Axel Gehrken Bøyum, som ikkje hadde eit særleg nært forhold til stoffet på førehand.

– Eg hadde berre sett den Leonardo DiCaprio-filmen. Eller, eg hadde sett litt av han. Eg hadde berre høyrte om Romeo og Julie, men var ikkje heilt innforstått med handlinga, fortel 21-åringen når Framtida.no møter dei i foajeen på Det Norske Teatret.

UTANFORSKAP – Herregud! Det var sjukt bra! Julie og Romeo var sinnssjukt flinke!

Nokre dagar før intervjuet er to jenter på veg ut frå Scene 2. Dei boblar over av entusiasme, medan ein gut seier til kameratane sine at dette er det mest keisame han har vore med på.



SKODESPELARANE: Kjersti Dalseide (30) og Axel Gehrken Bøyum (21) er ikkje i tvil om at Shakespeare framleis er aktuell i 2016. Foto: Andrea Rygg Nøttveit

Det er låg gjennomsnittsalder og fleire skuleklassar i salen på Det Norske Teatret. Den moderne Shakespeare-tolkinga av regissør Maren E. Bjørseth var i sommar nominert til Hedda-prisen for beste barne/ungdomsframsyning og beste regi.

Bjørseth fortel at ho ikkje har vore oppteken av å laga ei ungdomsframsyning, men har freista å gjera karakterane nære og forståelege for publikum. Hennar første møte med forteljinga var då ho som 14-åring såg Leonardo DiCaprio og Claire Danes på Trøndelag kino. Forelskinga, romantikken og kjensla av at ingen forstår ein, var noko ho kunne relatera til.

Ho trur mange kan kjenna seg att i utanforskapen til Romeo og Julie, den hekseaktige mora, vener som gjev dårlege råd og den ekstreme kompisen som ikkje er redd for noko.

– Eg trur det viktigaste er at ein må sjå noko i det som er aktuelt for seg sjølv i dag. Finn ein det, så kan materialet vera så gammalt, nytt, eller absurd det berre vil.

TVANGSEKTESKAP – Me har snakka mykje om ung kjærleik og kor kompromisslaus han er. Det er han framleis i dag, meiner Dalseide, som nettopp har fått fast stilling på Det Norske Teatret.

Ho trur likevel at historia kunne enda annleis om den unge jenta frå Verona hadde tenkt seg om ein gong til og fått betre råd frå omgjevnadane.

Og sjølv om dei fleste norske ungdommar ikkje kan kjenna seg att i feiden mellom familiane Montague og Capulet, trur ho ung kjærleik i Norge kan kjennast like dødsalvorleg.

– Det kan nok kjennast like brutalt, men me har berre ikkje dei same tilhøva rundt oss. Kanskje nokon har det. Det med tvangsektenskap er jo framleis veldig aktuelt i mange land, seier Dalseide.

KONFETTIFEST – Sjølv om dei er veldig romantiske, så er det gøy å lesa og forstå at det var nokre



“ Shakespeare har skrive om ei ung jente med bein i nasen.



Foto: Silje Krager

Bokhandlarpris til Kristin Fridtun

Filolog og forfattar Kristin Fridtun (f. 1987) får Bokhandlens sakprosapris på 50 000 kroner. Prisen er eit samarbeid mellom Bokhandlerforeningen og Norsk faglitterær forfattar- og omsetjarsamskipnad (NFF) og skal gå til ein ung, norsk sakprosaforfattar.

Juryen dreg fram sisteboka

Kjønn og ukjønn. Ordhistoriske essay (2015), der Fridtun viser at hen ikkje er redd for autoritetar og for å underdriva poenga og slik stola på lesaren.

Fridtun, som er oppvaksen i Elverum, har fast språkspalte i vekevisa *Dag og Tid* og har tidlegare gjeve ut bøkene *Norsk etymologisk oppkok* (2012) og *Nynorsk for dumskallar* (2013).



ROMANSEN: Romeo (Axel Gehrken Bøyum) klatrar opp til Julie (Kjersti Dalseide).

Foto: Gisle Bjørneby, DNT

Dalseide, som understrekar at ein må gjera det til sitt eige.

Bjørseth meiner Edvard Hoem si gjendikting frå 1985 er så god at ho toler mange fleire oppsetjingar. Saman med skodespelarane har ho jobba mykje for å gjera Shakespeare sine tekstar frå seint 1500-tal forståelege for både dei sjølve og publikum.

Den beskytta oppveksten til Julie vitnar om tida stykket er skrive i, men trass i dette meiner Kjersti at ho er ein sterk karakter.

– Eg opplever at Julie vågar å ta mange val, og eg tykkjer ho er ei sterk dame. Før tenkte eg på henne som ein florlett type, men utifrå teksten er ho smart, klok og står for det ho meiner. Shakespeare har skrive om ei ung jente med bein i nasen, som har kloke tankar om ting og prøver å gjera det beste for seg sjølv.

TINDER-FLØRT – Me er jo alle opptekne av kjærleik. Sjå berre på Tinder. Det handlar om å få seg kjærast. Det er jo ei biologisk greie, som han skriv om på ein veldig poetisk måte, seier Kjersti, som får støtte av motspelaren i at Shakespeare går an i dag.

– Men kan folk i den overflatiske Tinder-generasjonen kjenna seg att i ei slik kjærleikshistorie?

– På Tinder kjem folk med sjekke-replikkar. Ein har den måten å snakka på, sjølv om det kanskje er meir tullete, seier Gehrken Bøyum.

Han får støtte av motspelare Kjersti. Ho fortel at både Romeo og Julie har ein viss måte å presentera seg på for kvarandre gjennom språket.

– Dei møtest i flørten, akkurat som på Tinder. Dei har ein felles sjargong og tenkjer at «han var morosam å skriva med». Men eg lurar på om det er litt vanskelegare å binda seg og gå fullt inn for det no, kanskje fordi det heile tida er noko anna rundt neste sving, seier Dalseide.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no



liknande tankar tilbake på den tida, seier motspelare Axel Gehrken Bøyum, som trur at noko av grunnen til at dei treffer ungdommane, er at skodespelarane sjølve er unge.

I tillegg dreg han fram den moderne sceneutforminga. På scena er det nemleg ikkje romanske bogar og steinimitasjonar, men ein dynamisk plankeinstallasjon, konfetti og ballongar.

I Bjørseth sin versjon av den klassiske tragedien dansar skodespelarane til franske Stromae, og Mercutio syng «Stay» av Rihanna.

– Men kvifor skal me bry oss om denne historia i dag, regissør Maren Bjørseth?

TRAGEDIEN: Fru Capulet (Ingunn Beate Øyen) vil gifta bort dottera Julie (Kjersti Dalseide). Foto: Gisle Bjørneby, DNT

– Eg meiner historia fortel mykje om ikkje å passa inn i samfunnet. At ein ikkje føler at ein har nokon å snakka med. Dei går til ekstreme handlingar for ein slags idealisme. Eg trur ikkje det handlar om den store kjærleiken, men ei ekstrem forelsking og fascinasjon når ein finn nokon som forstår ein, svarar regissøren.

HOEMS ORD For Kjersti Dalseide var språket noko av det som gjorde at materialet kjendest framand før ho sette i gang å jobba med det. Ho meiner det lett kan bli klisjeaktig.

– Heilt i starten tenkte eg om ein del ting at: «Å, herregud, skal eg seia dette?» Som; «Å, Romeo, Romeo! Kvifor er du Romeo?», «Min største fiende, han elsker eg», eller det å snakka om Gud på den måten, seier

Feirar Trygve Bjørgo med diktbok

I høve 100-årsjubileet for Trygve Bjørgo (1916–1997) har Nord-Aurdal Mållag gjeve ut diktsamlinga *Droymer du, gamle tre?* Enkja Bjørg Gullbekk Bjørgo, har vore med på å velja ut dikta, saman med Kvitvella Forlag. Brorsonen Jørgen Bjørgo har skrive ei innleiing i boka, og Liv Rygh har laga omslaget.

Bjørgo debuterte i 1952 med diktsamlinga *I minneskogen* på Gyldendal. Han har vore leiar i Noregs Mållag (1963–65), Austmannalaget og Valdres Mållag, som han òg var med på å starta.



Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

Buskerud Mållag gjev ut hallingsongar

Denne hausten har Buskerud Mållag lansert songboka *Vil du vera venen min*. Boka inneheld 80 songar og reglar, og ein cd. Det er både gamle klassikarar og nyskrivne tekstar og melodiar.

Redaktør for boka, Arne Moslåtten, har spelt inn songane saman med Inger Marie Lien Rust.

Bak dei nyskrivne tekstane står redaktøren sjølv, Vigdis Moen Storhaug, Jo Asger Lie og Heidi Molstad Andresen, som er dagleg leiar for språkprosjektet Hått halling.

I oktober har folkemusikar Margit Myhr (biletet) vore ute på turné for å presentere materialet for barnehagar i Hallingdal.

Handlenett.no

Nynorske g ver



Tekstilar, keramikk, turutstyr, ordsmykke, Lurivar-produkt, b ker, musikk og mykje meir.

Gode f rj lstilbod
p  handlenett.no

Nettbutikken til Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret

NEDTUR FOR TORKJELL (20):

Fekk sveinebrevet p  bokm l

...men det l ner seg   klag . Snart kan **Torkjell R nneberg** (20) hengja det nynorske diplom t p  veggen.

D  Torkjell R nneberg tok sveinepr va tidlegare i haust, fekk han toppkarakter p  sveinepr va. Den stolte t mraren gledde seg til   henga opp diplom t p  veggen. D  han nyleg fekk diplom t, blei han skuffa. Det var nemleg p  bokm l.

– Det var ein j kla nedtur, fortel Torkjell.

Han er oppvaksen i Eidsdalen i Norddal kommune, og har alltid brukt nynorsk.

– Det er nynorsk eg synest er skikkeleg norsk, seier t mraren som til dagleg jobbar ved Str msheim Bygg i  lesund.

– **HEILT P  TRYNET** Torkjell R nneberg ringde sentralbordet til fylkeskommunen og blei sett over til utdanningsavdelinga. Der fekk han beskjed om at det ikkje gjekk an   f  sveinebrevet p  nynorsk.

– Det synest eg er heilt p  trynet og veldig, veldig d rleg, seier

han til Framtida.no.

– Dei sa dei hadde fagbrev p  nynorsk, men ikkje sveinebrev, noko eg synest er veldig rart. Det kan ikkje vera slik, held han fram.

– **M  BERRE BEKLAGA** Fylkesutdanningssjef Erik Brekken seier han m  sjekka opp saka n r Framtida.no ringer.

I mellomtida blir me tipsa om at sveinebrev p  nynorsk finst i nabofylket i s r, i Sogn og Fjordane.

 in dag etter har Brekken funne svaret: Det har vore ein glipp.

– Det er veldig leitt at dette har skjedd. If lgje seksjonsleiaren som har ansvaret, s  har dei system for   skriva ut sveinebrev p  nynorsk.

– Men korleis kunne R nneberg f  beskjed om noko anna?

– Her m  me berre beklaga, og skjerpa inn rutinane v re, seier fylkesutdanningssjefen.

Han oppmodar R nneberg til   ta kontakt, s  skal sveinebrevet koma p  nynorsk.

– Han kan berre ringja meg direkte.

Torkjell R nneberg lovar   ringja.

– Det er flott at dei likevel har sveinebrev p  nynorsk – noko anna ville vore veldig rart, seier han.

SVEIN OLAV B. LANG KER,
Framtida.no



N GD FAGARBEIDAR: T mrar Torkjell R nneberg fekk toppkarakter p  sveinepr ven. Foto: Privat



OPNE ARMAR: – No kan me me begge vere masekoppar, spøkar leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, etter at han og LO-leiar Gerd Kristiansen har utveksla varme ord og kaffikoppar.



Skipar mållag i LO-administrasjonen

– Målrørsla og fagrørsla har mykje til felles, meiner mållagsleiar **Magne Aasbrenn**, som får støtte av LO-leiar **Gerd Kristiansen**.

– Eg er òg medlem, sjølv om eg ikkje snakkar nynorsk, seier LO-leiar Gerd Kristiansen.

Ho vart verva inn i målrørsla av supervervaren Oddny Miljeteig, som slo fast at ein LO-leiar ikkje kunne la vere å vere med i Noregs Mållag.

KVA SKAL LAGET HEITE? Både LO og Noregs Mållag har gjort vedtak på at dei ynskjer å samarbeide. Onsdag 10. november var det endeleg duka for offisiell skiping av

det nye mållaget i Folkets Hus på Youngstorget i Oslo.

LO-leiar Gerd Kristiansen slo fast at målsaka er viktig i fagrørsla, sjølv om det ikkje er kampsaka deira.

– Me har ikkje alltid gått i front, men det betyr ikkje at det ikkje er viktig for oss. Historisk sett har me mange fellesinteresser med dykk, sa Kristiansen til dei frammøtte.

I 2013 var første gong LO gjorde eit vedtak om nynorsk. Kongressen slo då fast at organisasjonen vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål i arbeidslivet og samfunnet elles.

I det legg Kristiansen mellom anna at alle LO sine tilsette står fritt til å velje si eiga målform.

Ho meiner det er viktig med haldningsskapande arbeid, slik at jamstilling mellom språka er like sjølvsaugt for alle tilsette. LO-leiaren håpar difor at mållaget kan hjelpe LO med innspel om korleis skape meir engasjement og styrkje målsaka.

På skipingsmøtet valde dei fram-møtte mellombels styre og namn.

LO-sekretær og pådrivar for det nye laget, Are Tomasgard, er leiar i det som foreløpig heiter Mållaget i LO-administrasjonen. Saman med skrivar Øyvind Rongevær skal han førebu og halde det første årsmøtet innan utgangen av februar 2017. Då vil namn vere eit naturleg tema.

– Det spørst om me skal ha medlemstilfanget her i administrasjonen, eller om medlemmene i forbunda kan bli med, seier Rongevær, som er utgreiingsleiar i LO.

Han kan avsløre at fleire allereie har lurt på om dei kan få bli med.

– MYKJE TIL FELLES Mållagsleiar Magne Aasbrenn meiner fagrørsla og målrørsla har mykje til felles.

– Det gjeld både strukturen, den frivillige innsatsen og at det handlar om kva ein har rett på, understrekar han.

Mållagsleiaren håpar at LO vil føl-

gje opp med ei arbeidsgruppe som kan sjå på korleis betre nynorsken sine kår i organisasjonen, som har 200 tilsette sentralt og nesten 920 000 medlemmer fordelt på 25 ulike forbund.

– Språk er makt, og med LO på laget føler eg at me får makt bak språket, slår Aasbrenn fast.

Han meiner ein god plass å starte, er med ei ordliste der dei tilsette kan lese seg til kva orda dei brukar, er på nynorsk.

For Haakon Aase, som har lang fartstid i fagrørsla og sit som l. vara i styret i Noregs Mållag, er draumen å få tariffavtalar eller sjølvve hovudavtalen på nynorsk.

Den ferske leiaren i Mållaget i LO-administrasjonen er einig i at ordlista er ein naturleg stad å starte.

– Me må ta små, stødige skritt, seier Tomasgard, og understrekar at denne skipinga er eit viktig skritt på vegen.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

Leif Mæhle til minne

» MINNEORD

Professor emeritus Leif Mæhle døydde 1. september, 89 år gammal. Han var frå Sunndal på Nordmøre der han tok artium i 1946.

Sidan følgde filologistudium og embetseksamen ved Universitetet i Oslo i 1952. Hovudoppgåva hans i norsk litteratur handla om Ibsens rimteknikk, ei avhandling han hausta mykje fagnad for.

Seinare fordjupa han seg endå meir i norsk litteratur, særleg den nynorske greina. Etter nokre år som norsklektor i Tyskland og Sverige kom han attende til Oslo i 1962. Her var han stipendiat før han vart universitetslektor i 1965. I 1969 tok han doktorgraden på ei avhandling om Olav Aukrust. Tittelen på avhandlinga var *Vegen til varden. Ein studie i Olav Aukrusts dikting*.

Andre forfattarar som fengde interessa hans var Tore Ørjasæter, Kristofer Uppdal, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Tor Jonsson.

I 1969 vart han tilsett som professor i nynorsk litteratur ved Universitetet i Oslo, eit embete han hadde til han gjekk av for aldersgrensa.

Innanfor fagmiljøet gjorde han ein stor innsats ved å starta *Norsk litterær årbok* i 1966, eit verk som går sin gang framleis.

Men Leif Mæhle fekk tid til meir enn å forska og undervisa i norsk litteratur. I mest 40 år var han fast målrettar på Det Norske Teatret, og han var skiftevis leiar for styret i Norsk Språkråd fram til 1988. Også Det Norske Samlaget fekk nytte av den administrative dugleiken hans, her var han styreformann i ni år, frå 1972 til 1981. Og ikkje nok med det, frå 1986 til 1997 var han også generalsekretær i Det Norske Videnskapsakademi. Han rakk såleis over svært mykje i si livsgjerning.

Dei siste åra var han mykje plaga av sjukdom, men møtte på årsmøta i Samlaget og på samkomer på instituttet så ofte han kunne.

Leif Mæhle var ein hyggeleg og vennesæl mann som det alltid var triveleg å snakka med. Han var stødig og ihuga målmann all sin dag, så målrørsla har mykje å takka han for. Me lyser fred over minnet hans!

OLAF ALLMENNENGEN

SPRÅKREISING FRÅ SKULEDAGANE

Nikolaus Gjelsvik gjorde Peter Hognestad til målmann

Få har gjort så mykje for norsk språkreising som **Nikolaus Gjelsvik** og **Peter Hognestad**. Dei var jamaldringar, og begge fortener ære no ved 150-årsminnet.

Sunnfjordingen og jærbuen møttest på Lars Oftedals guteheim i Stavanger, og venskapen deira fekk konsekvensar for utviklinga og utbreiinga av nynorsken.

Nikolaus Gjelsvik var alt medlem i Det Norske Samlaget då han kom til Stavanger. Etter ei tid kunne dei melde inn seks nye gymnasiastar, og dei organiserte eige mållag ved skulen. Til kameratflokk med bygdebakgrunn høyrde også Johannes Arneson frå Hjelmeland og Ivar Aartun frå Sauda. Dei skreiv til Marius Hægstad etter nokre eksemplar av landsmålsgrammatikken hans (*Norsk maallæra* 1879), og Arneson fortel om då det kom ein større bokpakke frå Samlaget:

Der var «Lauvduskar», «Nokre salmar» og anna gildt. So gjekk me upp til Hognestad med dei bøkene han skulde ha. Han sat og las gresk, men kasta Sofokles og treiv Blix. Dette var fyrste møtet vårt med salmeskalden. Og snart stod me midt på golvet og song den eine salmen etter den andre.

Gjelsvik og Hognestad delte rom både på guteheimen og seinare som hybelbuarar i hovudstaden. Gjennom skuleåra i Stavanger vart den foreldrelause kameraten fleire gonger med Hognestad heim til Time i feriane.

VEKKING I JULA 1885 Ivar Aasens verk og målreisingstanken var

» NIKOLAUS GJELSVIK (1866–1938)

Bondeson frå Gjelsvik i Askvoll, Sunnfjord

Student frå Stavanger katedralskole 1887

Cand. jur. 1893

Dosent frå 1897 og professor frå 1906

Mangeårig formann i Samlaget (1903–1919), Noregs Ungdomslag (1906–1915) og Noregs Mållag (1912–1915)

ikkje ukjend på Jæren, men for dei unge på Hognestad var det Nikolaus Gjelsvik som retteleg løyste ut ei omvending. Peter vitna seinare om juleferien i 1885:

Det var ein sers gild ferie baade for meg og syskini mine. Gjelsvik var komen mykje lenger enn me i maalvegen, og han var ikkje den som sparde seg naar han kunde gjeva tilskundingar. Eg kann segja at det var daa me vart vakte til fullt medvitande maalfolk.

Vidare fram gjennom livet varierte det kor mykje dei to ungdoms-

» PETER HOGNESTAD (1866–1931)

Bondeson frå Hognestad i Time, Jæren

Student frå Stavanger katedralskole 1886

Cand. theol. 1891

Seminarlærar på Notodden frå 1896

Bygdeungdomsprest frå 1903

Lærar ved Menighetsfakultet frå 1908

Biskop i Bergen frå 1916

venene var i lag, men Gjelsvik var ein iderik strateg som la mykje til rette for Hognestads karriere. «Mang ein gong hev eg lote skjemmast naar juristen Gjelsvik la fram for meg planar som eg, teologen og kyrkjemannen, sjølv skulde kome paa», vedgjekk Peter det året dei begge runda seksti.

NYNORSK-KYRKJE I KRISTIANIA

Juledag 1899 gjekk Nikolaus Gjelsvik rundt i ein fransk by i Sveits. Der såg han på eit kyrkjehus skiltet «Deutsche evangelische Kirche». Då slo tanken ned i han: «Kvifor kann ikkje me norske maalfolk gjera sameleis som desse tyskarar, og byggja serleg kyrkja for oss i byen?»

Idéen vart teken med heim, og etter at Peter Hognestad heldt den fyrste høgmessepreika på nynorsk i Kristiania, vart det ei tid arbeiddd for saka – på høgste hald. Biskopen såg gjerne at draumen vart til røyndom i form av ei vakker stavkyrkje i Slottsparken.

Slik gjekk det ikkje. I nokre år vart i staden ulike sentrumskyrkjer

“ Kvifor kann ikkje me norske maalfolk gjera sameleis som desse tyskarar, og byggja serleg kyrkja for oss i byen?

Nikolaus Gjelsvik



nytta til messer på landsmål, og frå 1907 fekk dei fast tilhald i Slottskapellet. Frå den spede starten ved hundreårsskiftet syntet det seg at flaskehalsen for nynorske gudstener i Kristiania ikkje var tilgjenge til kyrkjerom, men derimot tilgjengeleg prest.

Den floken fekk også Nikolaus og Peter løyst. Bondeungdomslaget søkte om at det vart oppretta eit eige embete til føremålet, og statsråd V.A.

Wexelsen førte opp løn til ein slik prest i budsjettframlegget frå Kyrkjedepartementet.

PROFESJONELL SPRÅKPREST

At dei konservative avisene skreik opp i protest var som venta. Men då Gjelsvik vart på det reine med at Stortinget ville stryke løyvinga, rykte han skarpt ut i *Den 17de Mai*: «Paa ein elder annan Maate skal det gaa, so me fær oss Prest [...] Vil ikkje

Statskyrkja her gjera noko, maa me skipa Frikyrkje».

Men alt ein månad tidlegare hadde han øygna ein annan utveg – som vart presentert i brev til Hognestad: «Daa eg saag, at Anders Hovden hev vorte prest i Sigdal, tenkte eg, at det var best du søkte det stiftskapelaniet i Oslo bispedøme, som er ledigt etter honom».

Juristen Gjelsvik hadde funne fram lova om stiftskapellantar frå

TEOLOGEN: Prest Peter Hognestad fotografert i 1903.

PÅ FRIMERKE: Då Noregs Mållag i 2006 feira hundreårsjubileum vart frimerket med Nikolaus Gjelsvik lansert. Gjelsvik var den einaste frå Sogn og Fjordane som vart vald inn i styret.

1857, og han la avskrift av henne i brevet: «Som du ser, er det bispen, som segjer fyre kva stiftskapelane skal gjera». Stiftskapellanembeta var oppretta til disposisjon for bispedøma, og i praksis vart dei mest brukte som vikarar for prestar som hadde lengre sjukepermisjonar eller når det tok tid å få ny prest i eit ledig kall.

Saman med BUL-leiaren Klaus Sletten gjekk Nikolaus Gjelsvik til biskopen for å sikre seg at han kunne tenkje seg å nytte ein kapellan slik målfolket og ungdomen ynskte. Då den alternative løysinga kom på tale i budsjett-debatten, roa både motstandarar og tilhengjarar seg: «Ingen tala imot, at eit sedvanlegt embætte vart bruka paa den maaten, som me hadde tenkt», rapporterte Gjelsvik til Hognestad.

Venen søkte stiftskapelaniet, vart utnemnd og fekk frå 1903 til 1908 konsentrere seg om arbeid for innflyttarungdomen, gudstener på landsmål og vidare utvikling av det nye norske kyrkjespråket. Spirane frå skuletida i Stavanger vart dyrka vidare slik at Nikolaus Gjelsvik både grunnla det nynorske rettspråket og sytte for strategien som gjorde at seinare bispekollega Jens Gleditsch kalla Peter Hognestad for «professionel landsmaalsprest».

GOD LAGNAD I november 1916 fekk Peter hjartelege gratulasjonar til 50-års-dagen. Nikolaus såg både attover og framover: «Eg er svært takksam for den gode lagnaden, at eg i ungdomsaari kom saman med deg [...] Eg vil ynskja deg lukke til med det viktige arbeidet ditt framleis og den gleda, som fylgjer av aa sjaa frukter av arbeidet».

PER HALSE

Per Halse (f. 1957) er førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda. Han har skriva biografien *Peter Hognestad. Språkstrid og heilag fred* til 150-årsjubileet for Hognestads fødsel.

GUDBRANDSDALSMAT



For oss er matproduksjon eit handverk forma av vår kultur, geografi og historie.

Gudbrandsdalsmat gjer det enkelt å handle lokalmat frå Gudbrandsdalen.

Vi driv sal og distribusjon av produkt frå 29 produsentar til butikk og servering. Hovudsalsområdet vårt er Gudbrandsdalen, men vi sel og distribuerer varer til butikk og servering i heile Noreg!

